



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato  
03.05.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2018/2266 634  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Universitetet i Bergen  
Høgskulen på Vestlandet  
NLA Høgskolen

### Desentralisert kompetanseutvikling – skule – om midlane for 2018

Fylkesmannen viser til oppsummeringa frå møtet i fylkesgruppa som vart halde 22. mars i år. Her var det semje om at fordeling av midlar for 2018 skal skje på neste møte, tysdag 12. juni. I tida fram mot dette tidspunktet vil det lokale arbeidet med framlegg til utviklingsarbeid og prioriteringar gå føre seg.

I oppsummeringa går det vidare fram at ordninga der UH og friskulane/kommunane/regionane begge er mottakar av midlar i eigne tildelingsbrev blir ført vidare. Det var også semje om ei sjablongmessig tildeling av midlar i 2018.

Fylkesmannen gjer på bakgrunn av dette framlegg om at UH blir tildelt kr 200 000,- årleg for kvar skule som inngår i utviklingsopplegga. Beløpet inkluderer UH sine reiseutgifter og tar høgd for at aktiviteten retta mot ein skule kan vere høg eitt år og noko lågare eit anna. Dersom fleire UH er saman om eit prosjekt, vil det vere opp til dei involverte institusjonane å fordele midlane seg imellom.

Ei slik ordning vil forenkle dialogen mellom UH og friskulane/kommunane og gjere dimensjoneringa og planleggingsarbeidet sikrare for UH.

Vi ber friskulane/kommunane drøfta framlegget i sine respektive nettverk før det planlagde møtet den 12. juni.

Med helsing

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi:  
Utdanningsdirektoratet      Postboks 9359      0135      OSLO  
Grønland  
Fylkesgruppa